

# Johannes døyparen, Jesu dåp og freisting

Matteus 3,1–4,25

## Johannes døyparen

Johannes døyparen opptrer på scena. Han går inn i rolla som den Elia som kjem som forgjengar for Messias, som profeten Malaki sa (Mal 4,5):

*Sjå, eg sender profeten Elia til dykk  
før Herrens dag kjem, den store og skræmande.*

Dette vert understreka av hans klesdrakt, «ei kappe av kamelhår og lærbelte om livet», som var slik Elia også gjekk kledd. Matteus viser også til orda frå Jesaja 40 om ei røyst som ropar i øydemarka. Igjen er det viktig for Matteus at profetiane vert oppfylte.

Johannes lever på ein sparsom diett, som dei fattigaste ørkenbuarane. Han held til i villmarka, men har ein bodskap som når fram til elitemenneska i jerusalem. Det fyrste vi får høyra han seie er: «Vend om, for himmelriket er kome nær!».

Himmelriket består i menneske som har andre verdiar enn dei urettferdige verdiane i verda, verdiar frå himmelen. Dei som vil vere med der, må difor sjølve endre sine verdiar. «Vend om!» kan også forståast som «Endre sinnelag!». Dei som slik er villige til å endre sinnelag, dei vert døypte av Johannes, som eit symbol på at dei forlet sitt tidlegare liv og tek fatt på eit nytt.

## Guds dom

Johannes kjem også med advarande ord om Guds dom. Tanken på Guds dom kan virke skræmande; vi fryktar gjerne at vi alle har noko ved oss som ikkje er bra, og at Gud vil vere streng og slå ned på det. Men det er ikkje eigentleg bibelsk å tenkje slik om dommen. Guds dom er både barmhjertig og rettferdig, og er ein grunn til glede for alle som lid urett. Salme 98,7–9:

*Havet og alt som fyller det, skal brusa,  
jorda og dei som bur der.  
Elvane skal klappa i hender  
og fjella jubla i kor for Herrens andlet.  
For han kjem og skaper rett på jorda.  
Han skal dømme verda med rettferd  
og folka med rett.*

Også Salme 96 og 72.

Guds dom handlar om å hjelpe dei undertrykte, setje det øydelagte i stand og gjere urett god igjen. For dei som har lide mykje urett, er dette ein god bodskap. Så seier då også Jesus litt seinare, i Bergpreika: «Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda, dei skal verte metta.»

## **Bilete frå landbruket**

Johannes brukar bilete frå landbruket: Dårlege greiner på eit tre vert skorpe av og brende. Under tresking vert korn og agner skilde frå kvarandre, og agnene brende opp. Gud gjer ikkje noko anna enn det einkvar bonde ville gjort. Det vi kan forstå er urett, ser også Gud på som urett; det vi kan forstå er rett, ser også Gud på som rett.

Jesus vert sagt å døype med Den heilage ande og eld. Ordet for «ande» kan også omsetjast som «vind». Vind og eld er det som må til i tresking: Vind for å blåse agnene vekk frå kornet, eld for å brenne agnene opp.

Ein treng ikkje nødvendigvis forstå det som at nokre menneske er «korn» og nokre er «agner». Ingen ting i teksten tvingar oss til det. I og med at menneske vert «døypte» på denne måten, så skal ein kanskje heller forstå det som at alle har både litt som må reinsast vekk og litt som kan bevarast.

## **Brodd mot den religiøse eliten**

Johannes kjem også med sterke utfall mot farisearane og saddukearane. Desse to gruppene var veldig forskjellige, men begge tilhørde den religiøse eliten, og begge var i opposisjon til Jesus. Johannes brukar sterke ord som eg aldri ville våga å bruke om meiningsmotstandarar. «Ormeyngel» antydar at dei er

giftige rovdyr, falske lærarar som fører folket vilt. Ordet for å sleppe unna minner om slangar som buktar seg vekk frå elden.

Det er uklart korvidt desse menneska faktisk kjem for å verte døypte, eller berre for å sjå på. Johannes anklagar dei i alle fall for å ikkje ha det endra sinnelaget som skulle til for at dåpen skulle vere ekte. Han etterspør handlingar som kan vise eit slikt endra sinnelag. Det endra sinnelaget må resultere i ytre handlingar, og motsett må våre handlingar kome frå eit rett sinnelag.

## **Kvifor vert Jesus døypt?**

Johannes synest ikkje det er rett at han skal døype Jesus. Og Jesu svar på kvifor han vil dette, er nokså kryptisk: «Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.» Kva enn han no meinte med det, så er dåpen hans ei handling med mykje sterk symbolikk i.

Kanskje den sterkaste symbolikken ligg i at han på denne måten identifiserer seg med vanlege, syndige menneske, med dei andre som har lete seg døype. Eg hørde ein gong nokon snakke om at vatnet var fullt av synder som dei døypte hadde etterlete seg, og at Jesus no dukka ned i alle desse syndene og tok dei på seg. Denne idéen skal ein vel ikkje trekkje for langt. Men at Jesus identifiserer seg med vanlege, små menneske, er i alle fall noko vi også ser seinare i beretninga (Matt 12,46–50).

Her er kanskje også eit førevarsel om Jesu død. Symbolikken i dåpen er nettopp å døy (ved drukning) og å stå opp igjen til eit nytt liv (Luk 12,50).

Viktig er det også at Jesus på ein måte gjennomlever Israel si historie på nytt. Han drog ned til Egypt, slik patriarken Jakob og familia hans ein gong drog ned til Egypt. Han kom ut igjen frå Egypt, slik Israels-folket ein gong vart ført ut igjen av Moses. No går han gjennom dåpen i vatn, slik Israels-folket også gjekk gjennom Sivsjøen. Etterpå skal han førast ut i øydemarka i 40 dagar, slik Israels-folket vandra i øydemarka i 40 år. Men der Israels-folket feila i testane dei vart sette på, skal Jesus bestå testane.

## Jesu åndsutrustning

Men utanom denne symbolikken, så skapte dåpen også ei anledning for Jesus til å motta ei åndsutrustning frå Den heilage ande. Og i dette vert han vårt førebilete. Det kunne han ikkje ha vore viss han hadde gjort si gjerning med sine egne guddommelege evner. Men desse hadde han lagt av seg. Han hadde tømt seg heilt for «likskap med Gud», slik som Filipparane 2 talar om, og vorte menneska like i staden. Han var som oss; og med det som utgangspunkt vert han utrusta til teneste av Den Heilage ande. Slik utrustar den Heilage ande no den verdensvide kyrkja, fellesskapet av truande. Kyrkja fører Jesu gjerning vidare, med den same åndsutrustning som Jesus hadde; og kvar av oss har ein liten bit av dette.

Den heilage ande forårsaka Jesu fødsel, er no til stades ved hans dåp, og skal snart føre han ut i øydemarka. Jesus er fødd av Anden, utrusta av Anden, leia av Anden, slik vi også vert.

## Jesu freistingar

I ørkenen vert Jesus freista 3 gongar av djevelen. Om vi skal seie at freistingane har noko til felles, så er det kanskje at han vert freista til å benytte seg av privilegjar. Han hadde gjeve opp all likskap med Gud, og vorte heilt som eit vanleg menneske, utan spesielle privilegjar. Djevelen minner han på at han er Guds son. Ei muleg omsetjing er: «Sidan du er Guds son, så...». Men Jesus vel å ikkje på nokon måte dra fordelar av kven han er, men vere heilt som eit alminneleg menneske.

Det står om himmelriket sine verdjar. Det er eit rike der den som vil vere stor skal tene dei andre, der ein må vere som eit lite barn for å komme inn. Då kan ikkje kongen i riket ha spesielle privilegjar. Dr Case-Winters snakkar om «privileged provision, protection and power».

På kvar freisting svarar Jesus med eit bibelord. Alle bibelorda han brukar er henta frå 5 Mosebok, frå kapitla 6 og 8. Dette er mot slutten av Israels-folket si vandring i øydemarka, der Moses talar til dei, ser tilbake på vandrainga dei har hatt, og snakkar om kva Gud vil dei skal gjere.

## **Freistinga til å få spesiell forsyrgjing**

Jesus vert fyrst freista til å gjere steinar om til brød, og svarar med 5 Mosebok 8,3: «Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn». Dette seier Moses når han minner dei på mannaen dei hadde fått. Vers 2 og 3 lyder i sin heilskap slik:

*Hugs den lange vegen som Herren din Gud førte deg desse førti åra i ørkenen. Han ville audmjuka deg og prøva deg og sjå kva som budde i hjartet ditt, om du ville halda boda hans eller ikkje. Han audmjuka deg; han lét deg svelta og lét deg eta manna, ein mat som korkje du eller fedrane dine kjende til. Slik ville han visa deg at mennesket ikkje lever berre av brød; mennesket lever av kvart ord som kjem frå Herrens munn.*

At Israels-folket fekk manna, les vi om i 2 Mosebok 16. Folket klaga og var misnøgde med Gud, og fekk mannaen som svar på det. I kontrast til dei, klagar ikkje Jesus, men vert verande trufast, sjølv utan guddommeleg framskaffing av mat til han.

## **Freistinga til å få spesielt vern**

I den neste freistinga vert Jesus beden om å gjere noko livsfarleg, for å oppleve at Gud grip inn på overnaturleg vis og bergar han. Jesu svar er frå 5 Mosebok 6,16: «De skal ikkje setja Herren dykkar Gud på prøve, slik som de gjorde ved Massa.» Det som hende ved Massa, les vi om i 2 Mosebok 17. Folket klaga der på at dei ikkje hadde vatn, og forlangde eit teikn på at Gud var med dei. Det fekk dei. Men Jesus står igjen i kontrast til dei, han vel å ikkje be om noko sånt.

## **Freistinga til å få spesiell makt**

I den tredje freistinga påstår Djevelen at han kan gje Jesus alle rike i verda, viss Jesus berre vil falle ned og tilbe han. Ein kan lure på om Djevelen verkeleg kunne det. Men Jesus svarar i alle fall med 5 Mosebok 6,13 (litt fritt): «Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.» Her kan ein kanskje tenkje på at Israels-folket sjølve laga seg ein gullkalv som dei tilba, fortalt om i 2 Mosebok 32.

Jesus viser seg trufast mot sitt oppdrag. Han består alle prøvene, i motsetning til Israels-folket.

## Oppstarten av Jesu teneste

Matteus gjev oss no ein slags overgang til det som seinare skal skje. I nokre korte glimt får vi sjå Jesus starte opp si gjerning som ein jødisk lærar, ein rabbi.

Jesus får seg fyrst eit hus i landsbyen Kapernaum, på vestbreidda av Genesaret-sjøen. Så ein stad der, låg faktisk huset til Jesus; og Matteus nyttar igjen anledninga til å vise korleis dette oppfyller gammaltestamentlege profetiar.

Vi får høyre at Johannes døyparen er fengsla, hans gjerning er over, medan Jesus si tek til. Jesus let seg ikkje skræme av Johannes sin lagnad, men tek modig opp den same bodskapen som Johannes hadde forkynt: «Vend om (eller endre sinnelag), for himmelriket er kome nær.»

Jesus får seg også lærlingar, slik ein rabbi hadde. Men til andre rabbiar kom folk og ba om å få verte lærlingar. Jesus går aktivt ut og kallar sjølv dei han vil ha; og han hentar dei frå dei nedre sosiale lag. Dei vert kalla til å fylgje han, som inneber å sjølve lære å gjere slik Jesus gjorde.

Folkemengda fylgjer også Jesus, men her inneber det å fylgje at dei fylgjer etter han for å få det han kan gje dei av lækjing av sjukdomar og av undervisning. Og Jesus er velvillig mot dei.

## Oppsummering

Vi har igjen fått sjå at

- Jesus er i opposisjon til elitemenneska, og representerer eit alternativ til deira tenkning.
- Han er på alminnelege menneske si side, og identifiserer seg med dei.
- Han oppfyller profetiar og består sine prøver, og er kvalifisert til å vere konge i himmelriket.

